

Spirande



Du treng:


- Eit tomt CD-etui
- Frø
- Litt jord
- Litt vatn

Slik gjer du:


- 1 Finn eit CD-etui og ta ut CD-en og alt papiret inni.




- 2 Legg jord nedst i etuiet.



- 3 Legg grasfrø eller nokre andre frø du har, oppå jorda.



- 4 Lukk etuiet og set det på ein lys og varm stad.



Kva skjer?

Inni etuiet får frøa både lys, vatn, næring og CO₂ (karbondioksid). Det får frøa til å spire.

